

Region Nordhordland Helsehus IKS - Styret si årsmelding 2015**Type verksemd og lokalisering**

Region Nordhordland Helsehus IKS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Selskapet har kontor i Knarvik. Selskapet skal planlegga, byggja og drifta eit Region- og helsehus til offentleg tenesteyting, fortrinnsvis helse - og omsorgstenester for kommunane i Region Nordhordland.

Rekneskapsmessig resultat

Driftsrekneskapan viser eit meirforbruk på kr 180.402,-. Dette er administrasjons- og møtekostnadar. Meirforbruket vil bli dekkja inn av leigeinntektene når huset er realisert. Investeringane i 2015 er kr 21.307.517,-. Dette er kjøp av tomt samt kostnadar i skisseprosjektet til prosjektleiing, ARK og Rådgjevande ingeniør.

Styret meiner at årsrekneskapan gir eit rettvisebilde av selskapet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Aktivitet

Selskapet har i 2015 arbeidd med skisseprosjektet for eit bygg på 15 000 kvm. inkl. parkeringskjellar. Bygget skal byggjast i Knarvik sentrum. Sweco AS er engasjert til prosjektleiing, LINK arkitektur som arkitekt og Cowi AS som rådgjevande ingeniør. Skisseprosjektet vart levert 27. november. Etter denne tid har ein utvikla skisseprosjektet vidare.

Likestilling/HMS

Selskapet har ingen fast tilsette pr. 31.12.2015. Styret består av 2 kvinner og tre menn. Det er ikkje sett i verk særskilte likestillingstiltak.

Påverknad av det ytre miljø

Selskapet har ikkje vore til last for det ytre miljø. Aktuelle problemstillingar vert fylgd opp i prosjektet.

Grunnlag for fortsatt drift

Etter styret si vurdering er det grunnlag for fortsatt drift av verksemda.

Knarvik, 25. april 2016

Håkon Matre
Styreleiar



Anne-Grete Strøm-Erichsen
Styremedlem / nestleiar



Torbjørn Nævdal
Styremedlem



Rita Tveiten
Styremedlem



Steinar Hunskaar
Styremedlem



Rune Heradstveit
Dagleg leiar